



Audrius Sirputis
Vahaugen 3
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3065 - 17/35966

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2017

Orientering om oppført garasje - gbnr 212/120 Eikanger øvre

Byggjestad: Gbnr: 212/120 Vahaugen 3
Tiltakshavar: Audrius Sirputis

Kommunen er kjent med at det på dykkar eigedom skal vere oppført garasje utan løyve. Etter kva vi kan sjå i arkivet vart det gjeve løyve i 2007 til oppføring av garasje. Løyvet hadde 3 års gyldighet og gjekk ut 3 år etter vedtaksdato då tiltaket ikkje vart igangsett innan fristen.

Vi har motteke opplysningar om at garasje vart oppført i 2013 og dermed etter at løyve hadde gått ut.

Sidan det ikkje ligg føre godkjent byggemelding for oppføring av garasje og kommunen ikkje har motteke melding om oppføring av ikkje-søknadspliktig garasje har den difor på noverande tidspunkt status som ulovleg oppført.

Etter ein førebels gjennomgang treng kommunen fleire opplysningar for å vurdere om garasjen kjem inn under unntaksbestemmelsen og soleis ikkje må søkast om eller om det må sendast inn søknad om oppføring av garasje. Du kan nytte veiledaren som du finn på dibk.no for å sjekke om garasjen er søknadspliktig. Vedlagt er reguleringsplan og føresegner som gjeld for eigedommen. Dersom garasjen ikkje er søknadspliktig skal det sendast inn melding til kommunen om oppføring av ikkje-søknadspliktig bygning. Dersom garasjen ikkje kjem inn under fritaket må det sendast inn søknad.

Vi ber om at du undersøker forholda og sender inn melding eller søknad innan 01.02.18.

Kommunen har også motteke påstand om at eigedommen din ikkje har rett til å nytte eksisterande tilkomst som delvis er etablert over eigedom gbnr 212/103. Kommunen har gått gjennom saksarkivet og finn at avkjørsle og parkering er etablert i samsvar med løyve som vart gitt ved oppføring av tomannsbustaden. Det ligg ikkje føre tinglyst erklæring frå gbnr 212/103 fordi tiltakshavar på dåverande tidspunkt var eigar av både bruksnr. 103 og 120. Dersom det på et seinare tidspunkt har oppstått ueinighet om tilkomst er dette eit privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem kommunen. Kommunens vurdering er at avkjørsle er etablert i samsvar med løyve i forbindelse med godkjenning og oppføring av tomannsbustad.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3065



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Føresegner Vahaugen
reg.plan Vahaugen

Mottakarar:

Audrius Sirputis

Vahaugen 3

5913

EIKANGERVÅG